



VINDAFJORD
KOMMUNE

TILSTANDSRAPPORT

Etne Vindafjord barnevernteneste 2025

Turid Askeland
Einingsleiar barnevern





Innhold

1. Innleiing og oppsummering.....	s. 3-4
2. Om barnevern.....	s. 4
3. Presentasjon av verksemda.....	s. 5-6
4. Temaområder	
4.1. Bakgrunnsinformasjon/demografi.....	s. 6-7
4.2. Meldingar.....	s. 7-10
4.3. Undersøkingar.....	s. 10-12
4.4. Tiltak.....	s. 12-14
4.5. Fosterheim og institusjon.....	s.14-16
4.6. Ettervern.....	s. 16
4.7. Kvalitet.....	s.16-17
4.8. Bemanning og kompetanse.....	s. 18-20
4.9. Økonomi.....	s. 20
5. Samarbeid med andre sektorar.....	s. 20-23
6. Utfordringsbilete.....	s. 23-24
7. Innsatsområder og tiltak.....	s. 24-25



1. Innleiing og oppsummering

[Ny barnevernlov](#) tredde i kraft 01.01.23. Dette er den største lovendringa sidan Lov om barneverntenestar kom i 1992. Mykje er likt i høve til vurderingsgrunnlag og reglar for sakshandsaming, men det er også ei rekke endringar og presiseringar som førar til trong for omlegging og evne til tilpassing og nytenking.

I den nye loven heiter det at det er **kommunen si øvste politiske og administrative leiing som har overordna ansvar for at barneverntenesta** vert forvalta i tråd med gjeldande regelverk og at tenesta er forsvarleg. Ei lovendring som allereie er trådd i kraft har teke bort presiseringa om at det er barnevernleiar som har dette ansvaret aleine. **Årleg tilstandsrapport** om barnevernet vil bidra til å sikre rutinemessig informasjon til kommunen si administrative og politiske leiing, samt til brukarane og befolkninga generelt.

I § 15-1 i same lov står det at kommunen skal vedta ein **Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar**. Eit ansvar for kommunen i fellesskap har, men som er presisert i Lov om barnevern. Planen er vedteken for perioden 2024-2028 i Etne kommune, og i Vindafjord skal planen opp til politisk handsaming våren 2025.

Oppvekstreforma trådte i kraft 01.01.22: Føremålet er at barn som treng det, skal få hjelp til rett tid. Kommunane får eit større ansvar for barnevernet, og det førebyggjande og tverretatlege samarbeidet må styrkast. For både Vindafjord og Etne er det [BTI](#) og [Bli Z](#) som er hovudoverskrifta for korleis ein ynskjer å gjennomføre oppvekstreforma og generelt arbeidet kring barn og unge. **Flest mogleg barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp til rett tid**. For barneverntenesta har oppvekstreforma handla om at barnevernet i større grad skal arbeide i dei mest alvorlege enkeltsakene, og tilbake til sine kjerneoppgåver, medan bidraget vårt til det førebyggjande arbeidet skal føregå meir på systemnivå.

Det er i løpet av kort tid gjort **endringar i 14 lovar på velferdsområdet**. Fellesnemnaren for desse lovendingane er krav og forventingar til **samhandling** og samarbeid mellom einingar og organ, som skal gjera det meir heilskapleg og brukarvennleg for innbyggjarar, og dei dei som skal gje hjelpa.

Det er ei tid for mykje nytenking, nye krav og reorganisering arbeid kring barn og unge. I Vindafjord kommune såg ein ei trong for å sjå dei ulike prosessar, reformar og lovendingar i eit heilskapleg perspektiv og å involvere einingar både frå oppvekst og helse. Eit «lag» som held i mange trådar og som tilsaman kan sjå det store bilete og saman skape best mogleg løysingar for kommunen, både for dei som skal få hjelpa og dei som skal gje den. Denne grupperinga har fått namnet **Laget rundt barn og unge** og barneverntenesta har ei viktig rolle som bidragsytar og samarbeidspartnar her. I Etne kommune har det vore ei omorganisering for å møte oppvekstreforma og styrka samarbeidet i laget rundt barn og unge. Overskrifta for denne organiseringa er «den beste deg» og tar utgangspunkt i Bli Z (BTI).

I denne rapporten er det laga statistikk til og med 2024, samt prognosar for året og åra som kjem. Tilstandsrapporten kan og bør lesast i samanheng med halvårsrapporteringane til Statsforvaltaren og med den økonomiske årsmeldinga for 2024.

Tenesta opplev eit stabilt høgt arbeidspress og trykk på både nye bekymringsmeldingar, fleire alvorlege saker, fleire plasseringar utanfor heimen og stadig nye krav og forventingar til drift og fagleg forsvarlegheit. Det har blitt utarbeidd to store NOU'ar innan barnvernfeltet: [Barnevernsutvalget](#) i 2023 og [Barnevernsinstitusjonsutvalget](#) i 2024, som begge peikar på viktige fokusområder i barnevernet sitt arbeid. Å ha fokus på dagleg drift, utviklingsarbeidd og kompetanseheving, økonomisk styring og ivaretaking av personal er ei omfattande oppgåve på både samfunns- og individnivå.



Etne Vindafjord barnevernteneste har lite fristbrot, ein stabil arbeidsstokk og fleire positive resultat på ulike kvalitetsindikatorar. Samstundes er tenesta i overgangen mellom 2024-2025 og første halvdel av 2025 i ein særleg travel periode, då ein gjennomfører byte av fagsystem i tillegg til pågåande landsomfattande tilsyn med undersøkingsarbeid og dagleg drift. Leiargruppa i barneverntenesta har difor, tydelegare enn før, signalisert til både tilsette og samarbeidande einingar at ein har utvalde fokusområde for 2025. Les meir om dette under punkt 6 og punkt 7 mot slutten av rapporten.

Barnevernleiar ser på denne tilstandsrapporten som ei unik moglegheit til å gje innsikt og innsyn i barneverntenesta sitt arbeid. Og vonar at denne er eit ledd i å auke grad av forståing for og tillit til tenesta sitt mandat og arbeidd.

2. Om barnevern

I lov om barneverntenestar står det omtala i lovens første paragraf at: ***Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.***

Som skrive i innleiinga tredde [ny barnevernslov](#) i kraft 01.01.23. Einskilde lovendringar vart innført tidlegare og har satt sitt merke på drifta: Barnevernlova vart ei rettighetslov for barnet (2018), utviding av retten til ettervern til fylte 25 år (2021) og den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat ([Bufetat](#)) og kommune (2022) der kommunane no har om lag fullstendig økonomisk ansvar for utgifter knyt til fosterheimar og institusjonsplasseringar kor ein tidelegare hadde meir kompensierende refusjonsordningar.

Korleis jobbar barneverntenesta?

Barneverntenesta får bekymringsmeldingar både frå ulike offentlege instansar i og utanfor kommunen, frå privatpersonar og frå foreldre eller barn sjølv. Alle meldingar som kjem inn til tenesta skal vurderast og konkluderast innan ei veke. Meldingane blir alltid lesne/høyrde og vurdert i høve til trong for akuttvedtak same dag som den kjem inn. Meldingar vert anten undersøkt vidare eller dei vert henlagt. Dei kan blant anna bli henlagt grunna at det reknast som ei opplysning i ein pågåande sak (og at det ikkje er behov for å gjennomføre ei ny undersøking) eller fordi det ikkje er grunnlag for å undersøke høva nærmare etter Lov om barnevern.

I ei undersøkingsfase kartlegg barneverntenesta om det ligg føre forhold som gjev grunn til å tilrå tiltak etter barnevernslova.

Barneverntenesta kan sette inn tiltak både i og utanfor heimen.

Det er ein særskild høg prosentandel av familiane som mottak tiltak frå barneverntenesta som får dette i heimen i form av det som kallast frivillige hjelpetiltak. Dersom det er trong for å setja i verk tiltak utanfor heimen kan dette skje i form av plassering i fosterheim eller institusjon. Fosterheimar og institusjonsplassar vert formidla gjennom Barne-, ungdoms-, og familieetaten (Bufetat) som har bistandsplikt ovanfor kommunane på dette området. Etne Vindafjord barnevernteneste har i likskap med mange andre kommunar stort fokus på rekruttering i slekt og nettverk, både i akutte tilfelle og ved langvarige plasseringar.

Det er naudsynt og viktig å ta med i denne rapporten at det foregår ein nasjonal bistandskrise frå Bufetat til kommunane. Det er stor mangel på godkjente institusjonsplassar og ventelister på godkjente fosterheimar. Dette er ein del av kvardagen i det norske barnevernet i dag og vil i større eller mindre grad påverke kvaliteten på dei tiltaka dei mest sårbare borna får i dag. På grunn av dette er rekruttering i slekt og nettverk, og elles i



nærområdet vårt, avgjerande for at barneverntenesta kan oppretthalde sitt samfunnsmandat. I dette arbeidet nyttar me blant anna systematisk verktøyet [Familierråd](#). Mangelen på fosterheimsplasseringar som vert formidla via Bufetat gjer at kommunane er tvungne til å drive med eige rekrutteringsarbeidd i ulik grad.

Barneverntenesta har ansvar for tilsyn i alle fosterheimar som ligg i våre kommunar, dette inkluderar dei fosterheimane som har plasseringar frå andre kommunar. Me har oppfølgingsansvar for alle barn me overtar omsorga for/plasserar utanfor heimen, også dei som vert flytta til andre kommunar, men då har bustadskommunen tilsynsplikta. Ein skil såleis mellom omgrepa *omsorgskommune* og *bustadskommune*.

Barneverntenesta har omfattande krav til dokumentasjon og som hovudregel har dei som er part i saken (foreldre og barn over 15 år) fullt innsyn. Det skal også vurderast om barn under 15 år bør ha partsrettigheter, og føresette utan juridisk foreldreansvar.

Barneverntenesta har strenge krav til å overhalde teieplikt og å følgje juridiske- og forvaltningsmessige retningslinjer for innhenting og bruk av samtykker.

3. Presentasjon av verksemda

Barneverntenesta vår er interkommunal og består av Vindafjord og Etne, der Vindafjord er vertskommune.

Tenesta er lokalisert på rådhuset i Vindafjord i Ølen, men oppsøker og følgjer opp barn, unge og deira familiar i alle delar av begge kommunane. Samt følgjer opp barn under vår omsorg som flyttar ut av kommunen.

Etne Vindafjord barnevernteneste er delt inn i fire avdelingar:

- **Leiargruppa:** Barnevernleiar, fagleiarar og kvalitetsutviklar.
- **MUT:** Melding, undersøking og hjelpetiltak.
- **Omsorg og Ettervern:** Arbeid med barn under omsorg, - dei som bur i fosterheimar eller på institusjon. Både dei som barneverntenesta har omsorga for og dei som er frivillig plassert. Ettervern vil sei dei som følgjer opp hjelpetiltak til ungdom over 18 år.
- **Miljøteamet:** Fagpersonar som utøver tiltaksarbeid i familiane.

Etne Vindafjord er med i ei beredskapsvakt utanom kontortid, som er 08.00-15.30. Dette er eit interkommunalt samarbeid med Tysvær og Sveio, der Tysvær er vertskommune. På denne måten tek Etne og Vindafjord vare på kravet om å ha tilgjengeleg barnevernfaglege kompetanse alle dagar i året heile døgnet. Barnevernleiarane i dei ulike kommunane er tilgjengelege for vakta ved behov. Til dømes er det berre barnevernleiar (eller stedfortredar) som kan fatte akuttvedtak og som avgjer om ein skal rykke ut i samband med meldingar ein får inn på vakttelefonen.

Barneverntenesta har ein «eigarandel» i det kommunale rettleiingsteamet, Familieteamet. Familieteamet gjev rettleiing, støttesamtalar og anna oppfølging til familiar, barn og unge som har trong for det både som tiltak frå



barneverntenesta og som eit lågterskeltilbod via helseavdelinga i kommunen. Familieteamet er eit interkommunal tilbod for Vindafjord og Etne.

Årsverk i Etne Vindafjord barnevernteneste:

	Status 31.12.24	Dersom alle stillingar var tilsett i:
Leiar	1	1
Kontorfagleg ressurs	0,5	0,5
Kvalitetsutviklar (prosjektstilling 1 år)	0,8	1
MUT inkl. fagleiar	7,8	8
Omsorg og Ettervern inkl. fagleiar	3,8	4
Miljøarbeidar	1,3	1,5
Miljøterapeutar	2	2
Tilsaman	17,2	18

Frå 01.04.24-sommaren 2026 er det oppretta ei intern prosjektstilling som **kvalitetsutviklar**. Føremålet med stillinga er å ha fokus på barneverntenesta sitt utviklingsarbeid, den førebyggjande innsatsen og som støttefunksjon som leiargruppa. Stillinga vil bli evaluert jamleg med tanke på fungering og i høve til tenesta sine behov. I overgangen til nytt fagsystem har kvalitetsutviklar vore prosjektleiar. Dette har vore heilt avgjerande for å kvalitetssikre og drive dette arbeidet.

Den lovfesta retten til å jobbe redusert når ein har små barn står sterkt i norsk arbeidsliv. I Etne Vindafjord barnevernteneste har ein vurdert og effektuert at det ikkje er foreinleg med driftsoppgåvene at ein har stillingar mindre enn 80%. Ein får såleis ikkje innvilga redusert stilling ned til mindre enn 80% med mindre ein har medisinske årsakar samt at dette er tidsavgrensa og i samanheng med andre tiltak. Dette er også i tråd med Vindafjord kommune som heiltidskultur.

Sjå meir under punkt 4.8: Bemanning og kompetanse.




4. Temaområder

4.1 Bakgrunnsinformasjon/demografi

Befolkningstal i **Vindafjord** pr. fjerde kvartal 2024: 9069. Av disse er 1969 personar under 18 år.


Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen



Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Befolkningstal i **Etne** pr. fjerde kvartal 2024: 4093. Av disse er 859 personar under 18 år.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen




Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå



4.2 Meldingar

Barneverntenesta har rutinar som sikrar at bekymringsmeldingar blir handtert dagleg, for å vurdere akutt behov for tiltak. Skriftlege meldingar pr. post vart lest kvar vekedag (måndag til fredag), skriftlege meldingar sendt i elektronisk portal blir lesne kvar dag (også helg og heilagdag) og akutte henvendingar kan mottas pr. tlf til beredskapsvakta utanom kontortid. Det vert halde meldingsavklaringsmøte to gonger i veka, hovudsakleg måndagar og torsdagar. Alle meldingar skal vurderast og konkluderast innan ei veke. Etne Vindafjord har for tida ingen fristbrot knytt til meldingsavklaringar.

Barneverntenesta er òg knytt til ein [nasjonal portal for bekymringsmelding](#) slik at det kan meldast bekymring digitalt.



Etne Vindafjord har ligge høgt på antal mottekne bekymringsmeldingar dei siste åra. Frå 2020 til 2021 var det eit markant auke og i åra 2021-2023 var det eit jamt auke og ny rekord i antal tre år på rad. I 2024 vart det registrert ein nedgong i meldingar frå 207 i 2023 til 170 i 2024. Talet på meldingar på Vindafjord kommune er stabilt på om lag 140 meldingar, medan talet frå Etne er halvert frå 60 til 30 stk.

Utviklinga nasjonalt er at etter fleire år med nedgong i antal meldingar, ser ein no frå og med 2023 eit auke.



Innhald i bekymringsmeldingar:

Når bekymringsmeldingar vert registrert blir det lagt inn kven melder er og kva innhaldet i meldinga er utifrå eit utval kategoriar som er nasjonale og oppretta av SSB. Sjå bilete under.


Ved gjennomgong av alle bekymringsmeldingar mottatt i 2024 blei det synleg at eit område var særskilt representert: Konflikt mellom foreldre. Det er fleire av innhaldsalternativa som omhandlar konfliktar mellom foreldre: Høg grad av konflikt i heimen, konflikt mellom foreldre som ikkje er saman og vald i heimen (ikkje vald mot borna). Når ein talte desse opp utgjorde det tilsaman i Vindafjord 50% av alle meldingar og i Etne 30%.

Det er barnevernleiar si meining at det stresset som barn opplev og korleis det er til skade for deira omsorgssituasjon og utvikling når foreldra, anten dei er saman eller bur frå kvarandre, er i konflikt med kvarandre er underkommunisert. Barneverntenesta ser eit auke i slike saker og det er svært krevjande å gje



familiane den rette hjelpa som er til det beste for barnet. Fokus på denne tematikken må løftast fram, og det er barnevernleiar si oppfatning at det vert snakka mindre om korleis slike situasjonar og åtferda til dei føresette skadar borna, enn det er å ta eit tydeleg standpunkt til faktorar som vald eller rus. Barneverntenesta sine erfaringar og både nasjonal og internasjonal forskning syner til at å leve i høgkonflikt mellom foreldre er svært skadeleg for barn si fysiske og psykiske helse og utvikling. Og som bekymringsmeldingane tilseier, så er dette høgaktuelt også i Vindafjord og Etne.

I alt
Foreldre sin somatiske sjukdom
Foreldre sine psykiske problem / lidingar
Foreldre sitt rusmisbruk
Foreldre sine manglande foreldreferdigheiter (-2020)
Foreldre sin kriminalitet
Høg grad av konflikt heime
Vald i heimen / barnet vitne til vald i nære relasjonar
Manglande ivaretaking av grunnleggande og kvardagsleg omsorg for barnet frå foreldre
Barnet utsett for fysisk vold
Barnet utsett for psykisk vold
Barnet utsett for seksuelle overgrep
Barnet manglar omsorgsperson
Barnet har nedsett funksjonsevne (-2020)
Barnet sine psykiske problem / lidingar
Barnet sin rusmisbruk
Barnet sin åtferd / kriminalitet (-2020)
Barnet sine relasjonsvanskar
Andre forhold ved foreldre / familien
Andre forhold ved barnet sin situasjon
Manglande vern av barnet frå foreldre (2021-)
Manglande stimulering og regulering av barnet frå foreldre (2021-)
Manglande sensitivitet og kjenslemessig tilgjengelegheit for barnet frå foreldre (2021-)
Manglande oppfølging av barnet sine behov for barnehage, skole og pedagogiske tenester frå foreldre (2021-)
Konflikt mellom foreldre som ikkje bur saman (2021-)
Barnet si åtferd (2021-)
Barnet sine kriminelle handlingar (2021-)
Barnet utsett for menneskehandel (2021-)
Manglande oppfølging av barnet sine behov for helsetenester frå foreldre (2022-)
Foreldre sine kognitive vanskar (2023-)
Barnet sine kognitive vanskar (2023-)
Foreldre har vedvarande økonomiske problem / vedvarande låginntekt (2023-)
Uoppgitt



Bekymringsmeldingane blir, som omtala i teksten over, i hovudsak vurdert i høve til om det skal opnast ny **undersøking** eller om meldingane vert **henlagt**. I 2024 var det også eit høve av bekymringsmelding som resulterte i direkte **akuttvedtak**, med påfølgjande undersøking.

Sidan 2017 har Vindafjord ([BTI](#)) og Etne ([Bli Z](#)) arbeidd med å innføre ein systematisk modell for å fange opp og hjelpe barn, unge og deira familiar. Desse modellane handlar om **tidleg innsats** og har fokus på at andre tenestar som arbeidar med barn skal ta eit større ansvar for sjølv å både kartlegge og å tilby hjelp til familiene, før ein kontaktar barneverntenesta. Modellen har som føremål at ein på denne måten ofte kjem i ein betre posisjon til å kunne få gje hjelp, samstundes som barneverntenesta ikkje brukar ressursar på saker som likevel blir henlagt då det ikkje utløyser rett på hjelpetiltak etter Lov om barnevern.

Både Vindafjord og Etne har jobba med [ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar](#). Denne planen er lovfesta i lov om barnevern sitt kapittel tre. Etne har vedteke sin plan, medan Vindafjord skal ha den oppe til politisk behandling våren 2025. Planen skal bidra til å betre oppfølging og tidleg innsats knyt til dei mest sårbare, og ein vonar at innsatsen kring denne planen også vil bidra til at meldingane til barneverntenesta vert redusert, då ein får rett hjelp tidlegare.

Terskelen for å opne ei undersøking etter mottatt bekymringsmelding har variert noko attende i tid i tråd med nasjonalt fagleg fokus, føringar frå Statsforvaltar og direktorat ([Bufdir](#)), men i Etne Vindafjord har dette også kunne skuldast kapasitet og organisatoriske utfordringar. Sistnemnde er eit tilbaketilt stadium og i dag vert




avklaring av meldingar og vurdering av kor vidt det skal opnast undersøking gjort i tråd med nasjonale føringar og retningslinjer.

4.3 Undersøkingar

Der det er grunn til å tru at det er trong for tiltak etter Lov om barnevern, skal meldinga undersøkast nærmare. Ei undersøking skal gjennomførast snarast og seinast innan tre mnd. I særskilde tilfelle kan undersøkinga utvidast til maks seks mnd. Ei utvidinga av frist skal meldast frå om til partane i saka og til Statsforvaltar, og det skal dokumenterast grunngjeving for utvida frist. I vår teneste er det svært få undersøkingar som blir utvida frå tre til seks mnd.


Barneverntenesta skal lage ein plan for undersøkinga, den skal ikkje gjerast meir omfattande enn det er bekymringsgrunnlag for og det skal alltid forsøkast å gjerast med samtykke frå partene.

Undersøkingarbeid er svært tids- og ressurskrevjande for barneverntenesta. Det er mange gjerningar og møter som utførast på kort tid, i tillegg til å innhente opplysningar frå andre instansar og kontinuerleg gjere faglege vurderingar undervegs i prosessen.



Dei fire alternativa til konklusjon av undersøking er:

- Tiltak.
- Henlagt.
- Fremme sak for nemnda.
- Avslutta grunna at familien flyttar undervegs i undersøkinga.
 - Talet på undersøkingar som blir avslutta grunna flytting er svært lågt, med berre eit par tilfelle pr. år. Dersom det skjer at familien flyttar i undersøkinga, skal barneverntenesta vurdere om det er grunnlag for å melde vidare til kommunen eller landet dei flyttar til. Dette forutsett at barneverntenesta blir gjort kjend med kvar dei flyttar.




Omrekna til prosent vil dette sei at for dei siste fire åra har undersøkingar konkludert med tiltak sett slik ut:

	Vindafjord	Etne	Tilsaman
2020	54,7 %	50 %	53,3 %
2021	40,3 %	32,3 %	37,9 %
2022	41,3 %	80,7 %	54,3 %
2023	53,7 %	41,4 %	49,4 %
2024	52,8 %	70 %	54,9 %



Når ei undersøking blir **henlagt** er det ulike årsakar til dette. Det kan vera at barneverntenesta ikkje finn grunnlag for tiltak etter Lov om barnevern eller det kan vera at foreldra (og/eller ungdom med partsrettar) takkar nei til frivillige hjelpetiltak.



Omrekna til prosent vil dette sei at for dei siste fire åra har undersøkingar konkludert med henlegging sett slik ut:

	Vindafjord	Etne	Tilsaman
2020	39,5 %	50 %	42,6 %
2021	59,7 %	67,7 %	62 %
2022	58,7 %	16,1 %	44,7 %
2023	46,3 %	58,6 %	50,6 %
2024	38,9 %	20 %	36,6 %

Antal saker **konkludert med å fremme sak for nemnda** i 2024:

- Vindafjord: 4
- Etne: 1



Desse henleggingane har vore fordelt slik etter grunngjeving:

1. Ikkje grunnlag for bekymring/etter barneverntenesta si vurdering:

	Vindafjord	Etne	Tilsamans
2020	58,8 %	33,3 %	50 %
2021	67,4 %	80,9 %	71,6 %
2022	56,7 %	60 %	57,1 %
2023	68 %	64,7 %	66,7 %
2024	78,6 %	50 %	76,7 %

2. Etter partens ønske (ynskjer ikkje tiltak):

	Vindafjord	Etne	Tilsamans
2020	32,4 %	61,1 %	42,3 %
2021	21,7 %	19,1 %	20,9 %
2022	18,9 %	40 %	23,8 %
2023	21,4 %	50 %	23,3 %

Desse tala for konkluderte undersøkingar er svært nyttige for barneverntenesta å nytte i sitt forebyggande arbeid og i samarbeid med andre instansar. Dei fleste vil vera einige i at det er naturleg at det skal vera ein viss andel saker kor barneverntenesta undersøker, men ikkje finn grunnlag for tiltak. Men denne prosentandelen bør nok heller liggje på om lag 30% enn heilt opp imot 50%, eller meir. Det blir viktig for kommunane i sitt vidare arbeid med BTI og Bli Z, oppvekstreform og [kompetanseløftet](#), og ikkje minst plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar, at ein saman i sektorane ser på korleis ein kan gje barn, unge og deira føresette rett hjelp til rett tid. Ressursbruken til undersøkingar i barneverntenesta til «feil saker» går utover moglegheita til å gjer meir hjelp til dei som treng det mest, og avgrensar tida som kan nyttast til forebyggande prosessar i kommunen som ein større organisasjon. I tillegg er det slik at å bli meldt til barnevernet og gjennomgå ei undersøking, for mange vil opplevast som ei belastning, og særskilt dersom ein ikkje sjølv vurderar trong for tiltak eller at ein har trong for tiltak frå andre instansar.

Ved halvårsrapportering for både første og andre halvår 2024 var **fristbrot** i gjennomgong av meldingar 0% og fristbrot i undersøkingar 0% for begge kommunane. Bak dette ligg hard jobbing frå kontaktpersonar i enkeltsaker og systematisk internkontroll frå leiargruppa. Fokus no er på å halde desse tala nede, i tillegg til lovkrav knyt til andre kvalitetsindikatorar, som evaluering av tiltak og oppfølging av fosterbarn.



4.4 Tiltak

Pr. 27.02.25 har tenesta vår:

- 76 barn i undersøking og hjelpetiltak
- 13 ungdom på ettervern (18-25 år)
- 20 barn som er plassert, både frivillig og under omsorg

Tilsaman 109 aktive saker. I tillegg kjem dei borna me har tilsynsansvar for som er plassert i våre kommunar av andre kommunar.

4.4.1 Frivillige hjelpetiltak

Barneverntenesta har ulike former for hjelpetiltak. Det heiter seg at lista i lovteksten vår ikkje er uttømmende og i realiteten er det berre fantasien (og økonomien) som set grenser.

Hjelpetiltaka skildrast i ulike grupper:

- Kompenserande tiltak: Betaling av bhgplass/SFO, besøksheim, støttekontakt, frikjøp av foreldre med store omsorgsoppgåver, familieråd, dekking av utgifter til fritidsaktivitetar, med meir.
- Endringsretta tiltak: Rettleiing og miljøterapi.
- Kontrollerande tiltak: Rusprøvar, uanmeldte heimebesøk, tilsyn under samvær, med meir.
- Frivillige plasseringar utanfor heimen: Opphald i fosterheim eller på institusjon. I nokon tilfelle har ein også «to base-heimar», dvs. at barnet bur vekselvis i to heimar, der den eine kan vera deira biologiske.

Det er alltid behov for fleire besøksheimar, utvida besøksheimar (støtteheimar) og støttekontaktar. Flyktningar, innvandrar og familiar med lite nettverk har særskilte behov her. Barneverntenesta jobbar med ulike innfallsvinklar for å rekruttere fleire slike oppdragstakarar.

Barneverntenesta som arbeidsgjevar: Barneverntenesta har til ei kvar tid om lag 100 personar som mottek løn frå vår teneste. Dette er dei tilsette i tenesta og ei rekke ulike oppdragstakarar: støttekontaktar, fosterheimar, besøksheimar, støtteheimar for ungdom på ettervern, tilsynsførarar, frikjøpte foreldre, med meir. Dette utgjør ein stor del administrativt og merkantilt arbeid for å oppretthalde og ha kontroll på oppdragsavtalar, godkjenning av nye og ivaretaking av eksisterande oppdragstakarar, og andre medfølgjande oppgåver.



Kvalitetsindikatorar for hjelpetiltak:

- Oppretting av tiltaksplan:

Alle barn som mottek hjelpetiltak frå barneverntenesta skal ha ein oppfølgings- og evalueringsplan som kallast tiltaksplan. Denne skal utarbeidast i samarbeid med barnet og foreldra. Den skal ha klare mål og det skal vera tiltak som skal hjelpe mot å nå desse måla.

- Evaluering av tiltaksplanar:

Lovteksten seier at eit hjelpetiltak skal evaluerast jamleg. I Etne Vindafjord, og i mange andre barneverntenestar, har ein innarbeidd praksis på at alle hjelpetiltak skal evaluerast kvar tredje mnd. Dette for å sikre at tiltaket vert gjennomført, måle kor vidt tiltaket har effekt på den vansken/bekymringa som er uttale i vedtaket at tiltaket er sett inn for å endre/motverke og for å evaluere kor vidt det er trong for endringar i tiltak eller om saka kan avsluttast.

Ved evaluering av tiltak er det vanleg å snakke med både føresette og barnet/ungdomen om korleis effekten av tiltaket vart opplevd og korleis situasjonen er i dag. I tillegg blir det vurdert om det skal innhentast oppdatert informasjon frå involverte instansar.

4.4.2 Akutte tiltak

Det er fleire heimlar i Lov om barnevern som dekker ulike akutte situasjonar. Eit skilje går mellom frivillige akuttvedtak, som ikkje kan gjennomførast mot foreldra si vilje, og tvangsvedtak, som gjev høve til inngripen utan foreldra og barnet sitt samtykke. Ein har òg akutte vedtak retta mot ungdom med alvorlege åtferdsvanskar.

Etne Vindafjord har svært få akutte plasseringar. Det betyr ikkje at akutte situasjonar ikkje oppstår, men dei vert løyst på anna vis enn at det blir fatta vedtak om akuttplasseringar. Ei slik avverje av akuttplasseringar er ei viktig del av barnevernet sitt akuttarbeid. Måtar å handtere akuttsituasjonar kan vera at ein sett inn hjelpetiltak straks, at barnet/ungdomen plasserast etter ein privat avtale i familie eller nettverk, at andre instansar er den rette for å handtere saka vidare eller at det vert ei plassering utanfor heimen som eit frivillig hjelpetiltak med samtykke.

Alle akuttvedtak utan samtykke skal juridisk overprøvast i nemnda innan kort tid og partane har rett til å klage på vedtaket. Ei slik klage medfører oftast ei rettsleg behandlinga i nemnda.




4.5 Fosterheim og institusjon

Barnevernreforma (oppvekstreforma) har medført ei endring som har store økonomiske konsekvensar for kommunane. Refusjonsordninga for utgifter knyt til fosterheimar, forsterka fosterheimar og institusjonsopphald vart fjerna f.o.m 01.01.22. Dette vil sei at kommunane ber det totale økonomiske ansvaret åleine. Plasseringstiltak er svært kostbare og kan vera avgjerande for barneverntenesta sitt budsjett. Til dømes kosta ein institusjonsplass før barnevernreforma om lag 75 000 kr pr. mnd. No kostar ei tilsvarande plassering på institusjon 190 190 kr i mnd for kommunen, for eit barn.

Barneverntenesta har to ulike ansvarsområder for fosterbarn. Tenesta i den enkelte kommune har ansvar for oppfølging av alle barn som er under vår omsorg (barn denne tenesta har tatt omsorga for) uansett kvar i landet dei vert flytta til i tillegg til tilsynsansvar for alle fosterbarn som bur i våre kommunar. Sistnemnde betyr at tenesta også har ansvar for tilsyn for fosterbarn som andre kommunar har plassert i vår kommune, men det er plasseringskommunen/omsorgskommunen som har ansvar for oppfølginga elles.

Alle barn som bur i fosterheim har rett på ein tilsynsførar som ikkje er ein ordinær tilsett i barneverntenesta og som ikkje er sakshandsamar, som skal besøke dei minimum fire gonger årleg for å høyre korleis det går. Barn og unge som bur på institusjon får ivaretatt sitt tilsyn via Bufetat.

Antal fosterheimar som me har oppfølgingsansvar for:





Av barna som tenesta har oppfølgingsansvar for gjeld dette både barn under 18 som er plassert i fosterheim, ungdom over 18 år som har samtykka til vidare plassering i fosterheim som frivillig hjelpetiltak som ettervern og frivillige plasseringar i fosterheim.

Kvalitetsindikatorar for barn plassert i fosterheim:

- Omsorgsplan:

Alle barn som blir plassert i fosterheim har rett på ein omsorgsplan som skal sei noko om dei langsiktige måla for plasseringa. Denne planen skal ha same varigheit som tiltaket. Dei fleste fosterbarn har andre hjelpetiltak inne i tillegg til plasseringa. Det er ikkje eit krav, men ei utvikling på interne rutinar og i samsvar med forsvarleg oppfølging at også fosterbarna skal ha meir konkrete tiltaksplanar knyt til dei tiltaka som vert sett inn, og som skal evaluerast jamleg. Dette for å sikre rett hjelp til rett tid i høve til barnet og ungdommen sine behov.

- Fosterheimsbesøk:

Fosterbarn skal ha minimum fire årlege fosterheimsbesøk pr. år i tillegg til andre treffpunkt og oppfølging i saka. På desse besøka skal ein snakke om korleis det går i fosterheimen, om trivnad og ynskjer for samvær med foreldre, oppfølginga frå barneverntenesta, med meir. Ein snakkar både med barnet aleine og saman med fosterforeldra ved slike besøk. I nokon tilfelle, ved langvarige og stabile plasseringar som har vart i minimum to år, kan ein vurdere å redusere fosterheimsbesøka til to gonger årleg, i tillegg til anna oppfølging.

- Tilsynsbesøk:

Fosterbarn har rett på minimum fire tilsynsbesøk i året. Desse skil seg frå fosterheimsbesøka ved at dette vert gjennomført av nokon andre enn kontaktperson og nokon som ikkje er ein ordinær tilsett i barneverntenesta. Dette for å forsøke å sikre barnet sin moglegheit for å bli høyrd i korleis ein har det også dersom ein ynskjer å snakke med ein ugild person om oppfølginga ein mottek frå kontaktperson og barneverntenesta.

- Oppfølging av biologiske foreldre:

Barneverntenesta har plikt til å følgje opp biologiske foreldre etter plasseringar, både i fosterheim og på institusjon. Dette handlar om å legge planar for og leggje til rette for samvær og å gje informasjon om korleis det går med barnet. Det blir også laga ei plan for tilbakeføring, som inneheld tydelege punkter for kva barneverntenesta vurderar at må til for at borna skal kunne flytte heim igjen til foreldra og motta forsvarleg og utviklingsfremjande omsorg der.

- Rettleiing og opplæring av fosterheimar:

I tillegg til at kommunane har fått det økonomiske ansvaret for fosterheimsarbeidet er det også større krav til at kommunane kan tilby fosterheimane rettleiing og opplæring. Det er tidlegare Bufetat som har hatt dette



ansvaret. Bufetat tilbyr framleis [SOLID](#), som er opplæring for potensielle fosterheimar, men kommunane overtar oppfølgingsansvaret etter plassering. Det er framleis Bufetat som har ansvaret for grunnopplæringa. Når det gjeld tilbodet om den vidare rettleiinga av fosterforeldre, etter grunnopplæringa, er Etne Vindafjord med i fleire interkommunale samarbeid ([læringsnettverk](#)) på tvers av Rogaland, for å styrke kompetanse og oppfølging av fosterheimar, fosterbarn, foreldre som mistar omsorga for borna sine og gjennomføring av samvær. Det eine prosjektet ([Fosterhjem saman](#)) er delvis implementert, medan samværsprosjektet er under utvikling no. Etne Vindafjord sit i styringsgruppa i begge prosjekta.

- Oppfølging av barn i fosterheimar:

Vår teneste klarar i svært stor grad å gjennomføre oppfølging av barn i fosterheimar i tråd med lovkrava. Lovkrava skildrar det som skal vera eit minimum av oppfølging og tilsyn. Oppfølginga til det enkelte fosterbarn eller barn på institusjon skal tilpassast barnet sitt særskilte behov. I tillegg til oppfølgingsbesøk og tilsyn i fosterheimen har barneverntenesta ansvar for å følge opp barnet gjennom tverrfagleg samarbeid (ansvarsgruppemøter i dei fleste saker), organisering av samvær, oppfølging av biologiske foreldre, med meir. Dette arbeidet vert ikkje rapportert og fanga opp i SSB statistikkar og Statsforvaltar sitt tilsynsansvar, men vert sikra gjennom rutinar og internkontroll, - og ved tilsyn. Etne Vindafjord hadde tilsyn frå Statsforvaltar hausten 2023 og det vart ikkje avdekkja nokon lovbrøt. Tilsynet hadde ei rekke positive merknadar til arbeidet tenesta gjorde og den utvikling som hadde over dei siste åra. Dei forslaga som var til forbetringar er blitt iverksatt etter at tilsynet var avslutta. Rapporten etter tilsynet kan lesast her:

<https://www.helsetilsynet.no/tilsyn/tilsynsrapporter/rogaland/2023/etne-vindafjord-tilsyn-med-barneverntenesta-oppfoelging-av-barn-i-fosterheim-2023/>

4.6 Ettervern

Aldersgrensa for ettervern vart auka frå 23 til 25 år i 2021. Det vil sei at ungdom opptil 25 år kan motta frivillige hjelpetiltak frå barneverntenesta.

I Etne Vindafjord barnevernteneste er ettervern organisert i avdelinga for Omsorg. Til no har majoriteta av dei ungdommane som mottek ettervern vore ungdom som tidlegare har vore under offentlig omsorg (plassert i fosterheim eller institusjon) eller frivillig plassert. Det jobbast for at alle over 18 år som har trong for vidare oppfølging og hjelp får eit godt nok tilbod om dette, også dei som har vore mottakarar av frivillige hjelpetiltak. Plan for ettervern skal arbeidast med i god tid før ungdommen fyller 18 og sjølv om ein takkar nei skal det gjevast rom for å angre seg innan rimeleg tid. Forutsetninga for å få hjelpetiltak etter at ein er blitt 18 år er at ein har hatt tiltak aktive frå barneverntenesta før ein fylte 18.



4.7 Kvalitet

Lov om barnevern § 1-7. Krav om forsvarlighet

«Barnevernets saksbehandling, tjenester og tiltak skal være forsvarlige.»

For å forstå innhaldet og rekkevidda i forsvarlegheitskravet i barnevernslova § 1-7 må ein sjå lova sin ordlyd i samanheng med fleire ulike rettskilder. Samanhalde med barnevernlova og forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar, lovforarbeider, rundskriv og faglitteratur kan ein slutte at barneverntenesta sitt forsvarlegheitskrav rettar seg mot handlingar, avgjerd og vedtak, både med tanke på innhald og framgangsmåte. Forsvarlegheita fordrar dermed tilstrekkeleg kvalitet i praksis. Det vil sei ivaretaking av brukaren sin rettstryggleik både med tanke på barnet sin rett til vern og barnet/foreldra sin rett til medverknad. Ein føresetnad for dette er adekvat fagkunnskap hjå dei som utførar oppgåvene og forsvarlegheitsfremmande organisering av instansane.

- Kapasitetsmål:

Interesseorganisasjonane både for barnevernsbarn, for barnevernsforeldre og for fosterforeldre, samt barneombudet med fleire, legg igjen og igjen vekt på det relasjonelle aspektet av barnevernsarbeid. Ein kontaktperson i barneverntenesta si tid og anledning til å bli kjent med barnet og familien og deira situasjon er avgjerande for korleis ein opplev seg møtt av barnevernet og opplevinga av treffsikkerheit og kvalitet i tiltaka. Ei forsvarleg handtering av dette aspektet fordrar at ein kontaktperson ikkje har for mange saker, og at tenesta er godt nok bemanna. I tillegg kan enkeltsaker vera av ein slik kompleksitet at å telle talet barn den enkelte kontaktperson skal følgje opp heller ikkje er ei fasiløysning til bemanningsnorm.

- Tilgjengelege tiltak:

Tilgangen på dei rette tiltaka for å hjelpe familiane er det andre av to faktorar leiar særskilt ynskjer å påpeike i høve til å oppretthalde god kvalitet i tenesta. Dette handlar om å ha kunnskap om kva tiltak me har trong for, kva som over tid har vist å ha god effekt, og i andre rekkje kartlegge kvar og korleis ein kan få tilgang til desse. Er det tiltak ein må opprette sjølv i tenesta? Er det tiltak som er tilgjengeleg i kommunen, hjå samarbeidspartnarar eller andre aktørar? Og, har me naudsynte økonomiske midlar?

- Tillitsperson:

I forskrifta om barns medverknad i barnevernet er det i kapittel 3 skildra: **Barnets tillitsperson**



§ 7. Barnets adgang til å ha en tillitsperson

Et barn kan i møter med barnevernet gis anledning til å ha med seg en person som barnet har særlig tillit til, jf. barnevernsloven § 1-4 tredje ledd. Barnevernstjenesten skal så tidlig som mulig informere barnet om muligheten til å ha en tillitsperson. Barnevernstjenesten skal dokumentere om barnet er informert om muligheten til å ha en tillitsperson, og om barnet ønsker å ha en tillitsperson.

§ 8. Valg av tillitsperson

Barnet velger selv tillitsperson, med mindre barnevernstjenesten vurderer at det foreligger særlige grunner til at denne personen ikke er egnet. Tillitspersonen må være fylt 18 år. Barnets foreldre kan ikke være tillitsperson.

Dersom barnevernstjenesten anser en person som uegnet som tillitsperson, skal barnevernstjenesten dokumentere sine vurderinger.

§ 9. Tillitspersonens rolle

Barnevernstjenesten skal informere tillitspersonen om tillitspersonens oppgaver og funksjon. Tillitspersonen skal være en trygghet og støtte for barnet, og kan bidra til at barnets perspektiv og opplevelse av egen situasjon kommer frem. Tillitspersonen skal ikke gi uttrykk for egne meninger eller vurderinger. Tillitspersonen har ingen formell rolle i saksbehandlingen eller i rettslige prosesser og har ikke krav på økonomisk kompensasjon.

Ordninga med barnet sin tillitsperson er under utvikling i dei kommunale barneverntenestane. Etne Vindafjord barnevernteneste har ingen saker der ein har ein tillitsperson i den forstand at ein følgjer forskriftsteksten sine krav, men ein har fleire saker der barn og unge har med seg tillitspersonar i møter med barneverntenesta. Barneverntenesta vurderar at å jobbe meir systematisk med å få på plass og dokumentere nytta av tillitspersonar for barn og unge som har oppfølging hjå oss kan bli ein god kvalitetsindikator.

- Klageadgang:

Tilsynsmyndigheit for barneverntenesta er Statsforvaltaren. Her kan partar i saka sende inn klager i høve til barneverntenesta sine vedtak eller andre høve kring sakshandsaminga. Partane blir gjort kjende med sin klageadgang skriftleg i alle tiltak og munnleg i møter med barneverntenesta. Barneverntenesta har også plikt til å bistå partane med å få levert inn si klage.

Ein mogleg kvalitetsindikator er kor mange klager statsforvaltar har mottatt vedr. Etne Vindafjord barnevernteneste og utfallet av desse. Barnevernleiar har innhenta opplysningar frå statsforvaltar og fått følgjande oversikt for perioden 01.01.20-27.02.25: *Totalt 13 klager, hvor i 9 av dem åpnet vi ikke tilsyn (behandlingsmåte 1). 2 av dem ble sendt til dere for oppfølging (behandlingsmåte 2) og 2 av dem åpnet vil*



tilsyn, hvor én resulterte i lovbrudd (behandlingsmåte 5). I tillegg har vi hatt to rettighetssaker som vi kaller dem, hvor vi stadfestet begge deres vedtak.

Saka der det vart oppretta tilsyn og konkludert med lovbrøt gjaldt oppfølging av eit hjelpetiltak.

4.8 Bemanning og kompetanse

Dette punktet er omtala i fleire av avsnitta over, blant anna under presentasjon av verksemda og i teksta over omhandlande kvalitet.

Kompetansekrav:

Med den nye lova kom eit krav om kompetanse til dei som skal utøve barnevernfaglege vurderingar:

§ 15-6. Krav til kompetanse for barnevernstjenestens personell m.m.

Personell i barnevernstjenesten som skal utføre oppgaver etter § 15-3 tredje ledd, skal fra 1. januar 2031 oppfylle ett av følgende vilkår:

- a) barnevernsfaglig mastergrad eller annen relevant utdanning på tilsvarende nivå*
- b) relevant bachelorutdanning dersom det innen 1. januar 2031 kan dokumenteres minst fire års arbeidserfaring fra barnevernet i tillegg til at det er gjennomført en barnevernsfaglig eller annen relevant videreutdanning med minst 30 studiepoeng.*

Bestemmelsen gjelder også for barnevernstjenestens leder og lederens stedfortreder, for sakkyndige som barnevernstjenesten har engasjert etter § 2-2, og for personell som bistår barnevernstjenesten med utredning som barne-, ungdoms- og familieetaten tilbyr etter § 16-3 fjerde ledd bokstav a

Situasjonen i dag:

Etne Vindafjord barnevernteneste er i dag eit godt fungerande teneste med lite fristbrot og gode tal i høve til fleire kvalitetsindikatorar. Samstundes er ein kjend med at tenesta tilbake i tid har hatt periodar som har vore tunge og utfordrande, både fagleg og i høve til bemanning. Situasjonen i dag er at ein har utvikla ei stabil tilsettgruppe, tålbare sjukefråværstal og trivnaden i eininga er god. Utfordringsbilete no er å sikre at dei tilsette oppfyller **kompetansekrava** i lova og å ha fokus på sjølvivaretaking i rolla som tilsett i barneverntenesta for å unngå slitasje og overbelastning. Det vert lagt fram allereie ved tilsetjingar at dersom ein ikkje har naudsynt kompetanse etter lovkravet, må ein stille seg tilgjengeleg for å oppnå dette før 2031, ved til dømes å ta vidareutdanning i tillegg til arbeidet. Tenesta har starta ei satsing på tema **sjølvivaretaking** ved å ha årleg



fagdag for heile tenesta, samt eit kontinuerleg fokus på personalmøte og i individuell rettleiing. Eininga har årlege medarbeidersamtalar og ein sosialkomitè som går på rundgong i personalgruppa, som arrangerar sosiale tiltak i og utanfor arbeidstida. I 2024 blei Etne Vindafjord barnevernteneste tildelt **arbeidsmiljøprisen** for Vindafjord kommune.

Kva kompetanse har dei tilsette?

Alle tilsette i kontaktpersonstillingar eller leiarstillingar har bachelorutdanning eller meir. Majoriteten har barnevern- eller sosialfagleg grunnutdanning og fleire har både lang fartstid og relevante vidareutdanningar. Men ein har også fleire nytilsette som har pedagogisk grunnutdanning, som treng både erfaring og vidareutdanning. I tillegg har ein to miljøterapeutar med relevant bachelorutdanning og vidareutdanningar, samt to miljøarbeidarar med fagutdanning.

Tenesta har ein [kompetanse- og opplæringsplan](#) som gjeld for tre år om gongen. Denne inneheld:

- Kompetansen som finst i eininga i dag
- Planlagt kompetanseheving den næraste tida: Tilsette som tek vidareutdanningar
- Vurdering av kompetansebehov og tiltak i tida framover

I kompetanseplanen for 2023-2025 er hovudfokus tredelt:

- Opplæring og implementering av ny lov.
- Opplæring i nytt fagprogram.
- Vidareutdanningar til tilsette for å oppnå kompetansekrav i ny lov.

Statsforvaltarane i dei ulike fylka ha oppretta [Læringsnettverk](#) som eit ledd i kompetanseutvikling i barneverntenestane nasjonalt. Dette går ut på at ein oppretter utviklingsretta prosjekter som ein kan søkje statsforvaltaren om midlar til. Føresetnadane for å motta midlar er at det skal vera samarbeid mellom fleire kommunar og at det er eit samarbeid med eit kompetanseorgan, som til dømes RKBU, NORCE, osb. Etne Vindafjord er med i fleire slike nettverk:

- *Styrking av fosterheimsarbeid (Fosterhjem sammen)* saman med Haugesund, Karmøy og Bokn, Sveio, Tysvær og Indre Ryfylke og i samarbeid med Bufetat og RKBU.
- *Samværsprosjektet (samvær etter omsorgsovertaking)* saman med dei fleste kommunane i Rogaland.
- *Leiarnettverk med fokus på rolla som barnvernleiar* saman med Indre Ryfylke, Strand, Hjelmeland, Bjerkreim og Sveio, i samarbeid med rettleiar og coach Irene Grastveit.



Bufdir tilbyr vidareutdanningar spissa inn mot praksisfeltet i barnevern. Etne Vindafjord har kvart år tilsette som har delteke ved desse vidareutdanningar og tileigna seg nyttig kompetanse til tenesta. Dei ulike utdanninga er:

- Barnevernfagleg rettleiing
- Vurdering av barnets beste
- Juss i barnevernfaglig arbeid
- Relasjonskompetanse i barnevernet
- Minoritetskompetanse i barnevernet
- Barnevernleiing

Med unntak av vidareutdanning for leiarar er desse fullfinansierte med midlar frå Bufdir. Det er avgrensa plasser kvart år, men årets føringar er at tilsette som treng å nå kompetansemål skal prioriterast.

Kompetanseutvikling til leiargruppa:

Leiargruppa i Etne Vindafjord barneverntenesta har fått innvilga OU midlar til å gjennomføre ei kursrekke av KS konsulentane som er spesifikt retta inn mot barnevernleiing. Denne hadde oppstart mars 2023 og blir fullført våren 2025.

Fagleiar for omsorg, ettervern og miljøteam tek vidareutdanning i juss.

Barnevernleiar deltek i eit leiarutviklingsprogram v/Human saman med andre leiarar i Vindafjord, kalla Vindafjordleiarane, som går over 2024 og 2025. Og barnevernleiar skal delta i eit leiarutviklingsprogram for barnevernleiarar saman med dei andre leiarane i Rogaland som startar opp i 2025.

Kvar er dei tilsette i tenesta vår ifrå?

Dei tilsette kjem frå ulike deler av Haugalandregionen: Karmøy, Tysvær, Vindafjord og Etne.

4.9 Økonomi

Formannskapet i Vindafjord bestilte ein revisjon av barneverntenesta hausten 2024:

Bestilling: På vegne av formannskapet bestilte kommunedirektøren i Vindafjord kommune 27.02.2024 ei kartlegging av ressursbruken på et utvalg tjenesteområder med høye utgifter.



Formål: Formålet med dette delprosjektet er å foreta en gjennomgang av ressursbruk i barneverntjenestene i Vindafjord. Ved høy ressursbruk skal grunner til dette vurderes, sett opp mot kvalitet i tjenestetilbudet.

Problemstillinger:

- Har Vindafjord kommune uforholdsmessig høy ressursbruk i (hele eller deler av) sine barneverntjenester?
 - Hvis ja, hva er grunnene til dette?
- Med tanke på mulige omstillinger fram mot 2030: Er det sider ved dagens organisering og innretning av tjenestene som har et klart forbedringspotensial?

Rapporten frå revisjon er forventa i løpet av våren 2025 når reknskapstal frå 2024 også er tilgjengelege, for både historisk grunnlag og eit utgangspunkt for budsjettering og prognosar framover. Dei mest sentrale funna førebels har vore at det store overforbruket knyt til tiltak i heimen/hjelpetiltak (kostrakategori 251 – 2510 Vindafjord og 2511 Etne) skuldast at Etne Vindafjord barnevernteneste har kostnadsført og budsjettert her for frivillige plasseringar. Altså tiltak utanfor heimen, men med samtykke. Ein har såleis satt skiljelinja mellom tiltak i heimen og tiltak utanfor heimen i høve til korvidt det har basert seg på frivilligheit og samtykke eller ikkje. Etter dialog med Rogaland revisjon og SSB har ein kome fram til at det korrekte er å føre kostnadar og budsjett knyt til tiltak utanfor heimen på kostrakategori 252 (2520 Vindafjord og 2521 Etne) uavhengig av samtykke. Det vil sei at ein skil mellom tiltak i heimen og tiltak utanfor heimen. Når ein gjorde korrigering i høve til denne skilnaden fann ein at Etne Vindafjord ikkje hadde eit betydeleg overforbruk samanlikna med andre kommunar. Både 251 og 252 jamne seg då ut og det skilde seg ikkje ut nokon markante avvik.

Å få ei god forståing for økonomien er ei viktig og prioritert **leiaroppgåve**. Leiar har eit tett samarbeid med kommunalsjef for økonomi i Vindafjord og hans stab i høve til økonomistyring og kursendringar undervegs. Leiar rapporterar jamleg på tala frå tenesta både til leiinga i begge kommunar og til politiske utval etter førespurnad.

5. Samarbeid med andre sektorar

Samordning og samarbeid er essensielt for å gje barn og familiar rett hjelp til rett tid. Å ha eit overblikk på utvikling og endringar i andre einingar og fagfelt enn berre vårt eige er eit leiaransvar. Alle tenestane har eit sjølvstendig ansvar for å gje den hjelpa dei er pliktig til etter regelverk og sitt mandat. Eit av barnevernet sine nasjonale kvalitetsmål er at innsatsen skal vera samordna og prega av kontinuitet. Samordning og samarbeid inneber å koordinere «kven gjer kva», sørge for at dei ulike tenestane jobbar mot same mål og naudsynt og tilstrekkeleg informasjon delast mellom tenestane for å hjelpe barnet best mogleg.



Barneverntenesta vår er organisert i Oppvekst der ansvarleg kommunalsjef også har overordna ansvar for blant anna skule, barnehage, kultur, vaksenopplæring og PPT. I Kostra (økonomirapportering) høyrer tenesta til helse.

Ei oversikt over samarbeid med andre tenestar i kommunane våre:

Samarbeid med helse om Familieteamet	Vindafjord
Tverrfaglege samhandlingsgrupper (drøftingsteam i skular og barnehagar)	Vindafjord og Etne
BTI styringsgruppe	Vindafjord
Bli Z styringsgruppe	Etne
Psykososial støttegruppe (kriseteam)	Vindafjord
Styringsgruppe integrering	Vindafjord
«Team Oppvekst» Leiargruppa til kommunalsjef for oppvekst: PPT leiar, barnehage- og skulesjef, oppvekstkoordinator, einingsleiar kultur.	Vindafjord
SLT arbeidsgruppe	Vindafjord
SLT arbeidsgruppe	Etne
Rektor- og styrarmøter	Vindafjord
LRBU driftsgruppe	Vindafjord
Plan for førebygging av omsorgssikt og åtferdsvanskar	Vindafjord - Barnevernleiar er prosessleiar



- Barneverleiar er **valdskoordinator** for Vindafjord kommune.
- Barneverntenesta leiar eller deltek i ansvarsgruppemøter i einskilde saker.

Ei oversikt over samarbeid med andre kommunar, tverretatlege samarbeid på initiativ frå Statsforvaltar og Bufdir, samarbeid med ideelle organisasjonar, med meir:

Interkommunalt barnevernkontor	Etne og Vindafjord
Interkommunal barnevernvakt	Etne, Vindafjord, Tysvær og Sveio. Tysvær vertskommune.
Læringsnettverk med midlar frå statsforvaltaren og midlar frå eiga drift: Styrking av fosterheimsarbeid	Etne, Vindafjord, Haugesund, Karmøy og Bokn, Sveio, Tysvær og Indre Ryfylke og i samarbeid med Bufetat og RKBU. Prosjektleiar tilsett i Haugesund kommune.
Læringsnettverk med midlar frå statsforvaltar: Samvær	Nesten alle kommunane i Rogaland.
Læringsnettverk med midlar frå statforvaltar: Leiarnettverk	Etne, Vindafjord, Indre Ryfylke, Strand, Hjelmeland, Bjerkreim og Sveio
Kommuneadvokat	Etne, Vindafjord, Karmøy, Tysvær og Indre Ryfylke. Karmøy er vertskommune.
Felles fagutvikling område Ettervern.	Etne, Vindafjord, Haugesund, Karmøy og Tysvær. Tysvær er initiativtakar.
Samarbeidsavtalar og årlege samarbeidsmøter mellom barnevern og BUP.	BUP og alle barneverntenestane i Fonna. BUP er initiativtakar.
Samarbeidsmøter med politiet lokalt	To gonger i året. Mellom barnevern og politi.



Samarbeidsavtaler og årlege samarbeidsmøter med Krisesenter Vest IKS.	Krisesenter Vest IKS og barneverntenestane i Fonna og Sunnhordaland.
Haugalandsnettverket	Interkommunalt samarbeid på Haugalandet for å motarbeidde negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.
Mellomleiarnettverk for melding, undersøking og hjelpetiltak	Etne, Vindafjord, Haugesund, Tysvær, Karmøy, Sveio og Indre Ryfylke.
Mellomleiarnettverk for Omsorg	Etne, Vindafjord, Haugesund, Tysvær, Karmøy, Sveio og Indre Ryfylke.
Leiarnettverk for barnevernleiarane i Rogaland	Alle kommunane i Rogaland.
Leiarnettverk for barnevernleiarane på Haugalandet	Etne, Vindafjord, Haugesund, Tysvær, Karmøy, Sveio og Indre Ryfylke.

Barnevernleiar deltek i politiske utval både jamleg og ved behov i begge kommunar. I Vindafjord er leiar fast deltakande i utvalet Oppvekst og omsorg. I Etne deltek barnevernleiar i Hovudutvalet etter avtale med kommunalsjef. Føremålet med deltakinga er å gje informasjon om status for drift og å vera tilgjengeleg for spørsmål. Dette samarbeidet med dei folkevalde er med å bevisstgjere kommuneleiinga sitt ansvar for forsvarleg handsaming av barneverntenesta i kommunane.

Oppvekstreforma tydeleggjer behovet for tverrfagleg samarbeid i kommunane og skapar ei felles målsetting. Når me går inn i implementering av denne reforma er det avgjerande å få på plass eit utvida system for samarbeid internt i kommune. I Vindafjord er ei slik gruppe oppretta ved [Laget rundt barn og unge](#), som var omtala tidlegare i rapporten. Som ei interkommunal teneste, i likskap med blant anna PPT, NAV, lækjarvakt og lensmannskontoret, er det ei sterk oppmoding om at våre to kommunar, Etne og Vindafjord, organiserar seg så likt som er mogleg utifrå strukturen og midlane til den enkelte kommune. Dette for å skape kontinuitet i arbeidet og likskap i tenestetilbod og kvalitet.



6. Utfordringsbilete

6.1 Nytt fagsystem:

Etne Vindafjord får nytt fagsystem mars 2025. Det blir då ein overgong frå DIPS Barnevern (ACOS) til Visma Flyt Barnevern. Det har vore ein lang prosess for å få lande kva program ein skal ha, med felles anbudsrundar og samarbeid med andre rogalandskommunar via Digi Rogaland, samt at sjølv bryteprosessen har vore krevjande og omfattande. 05.03.25 går ein i drift med Visma Flyt Barnevern. Dette er noko ein både gler seg over, men som også vil gjere at arbeidskvardagen og flyten til den enkelte medarbeidar vert sett på prøve og ein må tilpasse seg med «learning by doing». Det nye fagsystemet er ei skybasert teneste som vil kontinuerleg oppdatere seg til gjeldande lovverk og som har fleire kvalitetssystem innebygd.

Innkjøp av nytt fagsystem og abonnement har også medført betydelege økonomiske konsekvensar.

6.2 Alvorlege enkeltsaker

Barneverntenestar i heile regionen melder om eit auke i meir alvorlege saker. I Etne Vindafjord har me i dei siste åra hatt eit auke i omsorgsovertakingar og plasseringar grunn alvorsgraden i sakene. Desse sakene er svært ressurskrevjande i tidsbruk og økonomisk, og pregar kvardagen i tenesta.

Bufetat meldar også om at ein ser ei utvikling der dei borna det blir søkt om plasseringstiltak til har sterkare symptomuttrykk og blir omtala som at deira utvikling er meir skadd av sine tidlegare omsorgssituasjonar enn før. At fleire av borna og ungdommane har alvorlegare vanskar no enn ein såg for nokon år sidan.

6.3 Bistandskrise i Bufetat

Det er ei uttalt krise i Bufetat sin evne til å møte si bistandsplikt ovanfor kommunane. Barn bur lenge i beredskapsheimar i mangel på fosterheimar, ungdom får ikkje plass på institusjon og kommunane må i fleire tilfelle finne andre dyre og kanskje ikkje tilfredsstillande løysingar i dei mest alvorlege sakene. Det er kritisk for tilliten til barnevernet at me har tilgong på gode tiltak til dei borna og ungdommane som har det vanskelegast og som har opplevd den største omsorgssvikta, - dei mest sårbare.

6.4 Personale og kompetanse:

Ved tilsetjingsprosessane i 2023 fekk barneverntenesta fylt opp stillingane våre, men fleire av desse mangla rett fagleg bakgrunn og kompetanse. Såleis krev det store ressursar å lære desse opp og å tileigne dei erfaring og vidareutdanningar som gjer at dei når kompetansekrava i den nye barnvernlova. Når me opnar opp for tverrfagleg kompetanse i tenesta må me også sikre at me har nok tilsette med den rette kompetansen, slik at



me sikrar fagleg forsvarleg drift og utvikling. Dei tilsette med barnevern- og sosialfagleg utdanning er svært viktige for tenesta.

7. Innsatsområder og tiltak

For 2025 er det særskilt **tre** innsatsområder:

1. Nytt fagsystem:

Opplæring og implementering av nytt fagsystem. Med haldninga: Dette skal bli bra!

2. Landsomfattande tilsyn med undersøkingsarbeid:

Tilsynet pågår i 2024 og 2025. Det er eit landsdekkande eigenrapporteringstilsyn som omhandlar barnevernet sitt undersøkingsarbeid. Første del av tilsynet blei gjennomført hausten 2024. Då gjekk tenesta gjennom ti nyleg avslutta undersøkingar og scora desse utifrå eit skjema utdelt frå tilsynsmyndigheita. Basert på eigne funn ved denne gjennomgangen laga tenesta ein plan for forbedring med tilhøyrande vurdering av rotorsakar til dei områda der ein såg trong for forbedring. I 2025 skal ein gjennomføre forbetningsplanen og deretter eigenrapportere på nytt og til slutt sende inn ein evalueringsrapport av eigne funn og utvikling innan utgangen av året.

3. Sjølvvivaretaking

Dei tilsette i barneverntenesta er den viktigaste ressursen og reiskapen barneverntenesta har. Det er eit krevjande fagfelt med mange belastningar, som stress, høgt arbeidspress, strenge krav til dokumentasjon, sekundærtraumatisering, vald og trugslar. Samstundes er det også eit givande yrke der ein får møte mange ulike og fine menneske både som brukarar og samarbeidspartanarar. Ein har moglegheita til å utgjere ein forskjell og å hjelpe dei mest sårbare i samfunnet vårt. Barneverntenesta har ei særleg krevjande dobbeltrolle med hjelp og kontroll, og utøver ei vedtaks- og definisjonsmakt som ein skal vera bevisst på korleis vert nytta. Å ta vare på seg sjølv gjer ein i stand til å hjelpe andre, og det er ein avgjerande del av å drive ei velfungerande barnevernteneste, at ein tek vare på dei tilsette og skapar ein god plass å jobbe, som kan gje gode tenestar for innbyggjarane våre.

Dei tilsette og leiargruppa har saman kome fram til at pengepremien frå arbeidsmiljøprisen skal nyttast til å gjennomføre to fagdagar med tema sjølvvivaretaking hausten 2025. I tillegg vil ein ha fokus på å oppretthalde dagens struktur med kombinasjon av personalmøter og felles sosiale tiltak, og individuell rettleiing frå både fagleiar (jamleg) og leiar (medarbeidarsamtale og ved behov).



Takk for merksemda!

Ølen, 27.02.25

Turid Askeland

Barnevernleiar Etne og Vindafjord